

Sakspapir

Kommunereforma - oppnemning av forhandlingsnemnd

Dokumentinformasjon:

Saksbehandler: Tore Hals Tlf: 70 16 20 00 E-post: postmottak@alesund.kommune.no	ArkivsakID: 12/5589 JournalID: 15/62375
------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------

Behandling:

Saksnr	Utvalg	Dato
122/15	Bystyret	22.10.2015

Rådmannens innstilling:

1. Bystyret vil følge videre retninga for kommunereforma slik det går fram av bystyresak 106/15 i møte 03.09.15.
2. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 6 vedtek bystyret å legge med adhocutvalet.
3. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 vedtek bystyret å opprette ei forhandlingsnemnd på fire medlemmer, samansett slik:

Ordføraren,

Varaordføraren,

....., og

Rådmannen, eller den ho peikar ut i sin stad

4. Nemnda får slikt oppdrag:
 - gå inn i drøftingar med kommunar i regionen med sikte på å forhandle fram ein intensjonsavtale om ein ny regionkommune, jf. pkt. 3 og 4 i bystyrets vedtak i sak 106/15
 - føre drøftingane med grunnlag i rapporten «Regionkommune Sunnmøre. Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet» og dei visjonar som er lagt fram der
 - gi formannskapet orientering under vegs om drøftingane med andre kommunar
 - be formannskapet om råd når nemnda er i tvil om kva haldning Ålesund skal ha under drøftingane og kva prioriteringar som bør kome med i ein intensjonsavtale
5. Forhandlingsnemnda si funksjonstid blir frå no og fram til forhandlingane med

aktuelle kommunar, med forslag til ein intensjonsavtale om rammene for ein ny regionkommune, ligg føre.

122/15 - Bystyret

Vedtak:

1. Bystyret vil følgje vidare retninga for kommunereforma slik det går fram av bystyresak 106/15 i møte 03.09.15.
2. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 6 vedtek bystyret å legge med adhocutvalet.
3. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 vedtek bystyret å opprette ei forhandlingsnemnd på fire medlemmer, samansett slik:

Ordføraren,

Varaordføraren,

Øystein Tvedt (H), og

Rådmannen, eller den ho peikar ut i sin stad

4. Nemnda får slikt oppdrag:
 - gå inn i drøftingar med kommunar i regionen med sikte på å forhandle fram ein intensjonsavtale om ein ny regionkommune, jf. pkt. 3 og 4 i bystyrets vedtak i sak 106/15
 - føre drøftingane med grunnlag i rapporten «Regionkommune Sunnmøre. Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet» og dei visjonar som er lagt fram der
 - gi formannskapet orientering under vegs om drøftingane med andre kommunar
 - be formannskapet om råd når nemnda er i tvil om kva haldning Ålesund skal ha under drøftingane og kva prioriteringar som bør kome med i ein intensjonsavtale

5. Forhandlingsnemnda si funksjonstid blir frå no og fram til forhandlingane med aktuelle kommunar, med forslag til ein intensjonsavtale om rammene for ein ny regionkommune, ligg føre.

Behandling:

Forslag på medlem i forhandlingsnemnda fra Høyre ved Monica Molvær

1. Bystyret vil følgje vidare retninga for kommunereforma slik det går fram av bystyre-

sak 106/15 i møte 03.09.15.

2. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 6 vedtek bystyret å legge med adhocutvalet.
3. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 vedtek bystyret å opprette ei forhandlingsnemnd på fire medlemmer, samansett slik:

Ordføraren,

Varaordføraren,

Øystein Tvedt (H), og

Rådmannen, eller den ho peikar ut i sin stad

4. Nemnda får slikt oppdrag:
 - gå inn i drøftingar med kommunar i regionen med sikte på å forhandle fram ein intensjonsavtale om ein ny regionkommune, jf. pkt. 3 og 4 i bystyrets vedtak i sak 106/15
 - føre drøftingane med grunnlag i rapporten «Regionkommune Sunnmøre. Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet» og dei visjonar som er lagt fram der
 - gi formannskapet orientering under vegs om drøftingane med andre kommunar
 - be formannskapet om råd når nemnda er i tvil om kva haldning Ålesund skal ha under drøftingane og kva prioriteringar som bør kome med i ein intensjonsavtale

5. Forhandlingsnemnda si funksjonstid blir frå no og fram til forhandlingane med aktuelle kommunar, med forslag til ein intensjonsavtale om rammene for ein ny regionkommune, ligg føre.

Votering:

Molværs forslag enstemmig vedtatt.

Bakgrunn:

Stortinget har pålagt alle kommunane innan 1. juli 2016 å vurdere behovet for endring i kommunestrukturen. Til grunn for desse vurderingane ligg [«Kriterier for god kommunestruktur»](#), sluttrapporten frå eit ekspertutval oppretta av Regjeringa, og [«Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner»](#), stortingsmelding nr. 14 (2014-2015).

Etter at kommunane har sagt sitt, vil Stortinget i løpet av 2017 gjere endeleg vedtak om ny kommunestruktur. Den nye strukturen skal ta til å verke frå 1. januar 2020. Ved neste ordinære kommunestyre- og fylkestingsval hausten 2019 blir det dermed val til dei nye kommunane som Stortinget har gjort vedtak om å opprette.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sett fristar for ulike milepælar framover:

- 31.12.15: frist for å avslutte **utgreiings**arbeidet.
- 31.01.16: frist for kvar kommune for å velje kva alternativ kommunen vil arbeide vidare med («**retningsval**») fram mot endeleg vedtak.
- 20.03.16: frist for å avslutte **forhandlingar** mellom kommunar som ønskjer å gå saman om å skape ein ny. Forhandlingane skal ende med forslag til ein intensjonsavtale om rammene for den nye kommunen.
- 15.04.16: frist for kommunane til å behandle **intensjonsavtalen**.
- 08.05.16: frist for **høyring** av, eventuelt folkerøysting, om avtalen.
- 30.06.16: frist for **endeleg vedtak**.

Kommunane er no i gang med utgreiingsarbeid som skal danne grunnlag for retningsval, forhandlingar, intensjonsavtalar, og for dei vedtaka som skal bli gjort før sommaren 2016. Ålesund har, saman med 12 andre kommunar, avslutta sitt utgreiingsarbeid gjennom rapporten [«Regionkommune Sunnmøre. Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet»](#). Bystyret slutta seg til denne rapporten i møte 3. september i år da det i [sak 106/15](#) vedtok følgjande:

1. Ålesund bystyre ser klart behovet for ei kommunereform og at det er både nødvendig og ønskjeleg med ein ny kommunestruktur i vår region.
2. Bystyret ser det å halde fram som eigen kommune, slik Ålesund kommune er i dag, som lite framtidsretta.
3. Ålesund kommune tar utgreiinga om Regionkommune Sunnmøre til orientering og ser at det er grunnlag får å etablere ein slik ny kommune og stiller seg i hovudsak bak dei tilrådingane som styringsgruppa har lagt fram i sin rapport. Ålesund vil derfor primært delta i vidare samtalar og konkrete drøftingar mellom alle dei 13 kommunane som står bak utgreiinga, med mål om å lage ein ny regionkommune.
4. Rapporten med anbefalingane frå styringsgruppa kan også vere grunnlag for å vurdere ein mindre regionkommune. Kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula og Ålesund utgjer ein kvardagsregion som allereie i dag har eit tett hopehav. Eit fellesskap mellom desse, gjerne med fleire, er eit alternativ til «Regionkommune Sunnmøre» som bystyret ønskjer å få avklart.
5. Adhocutvalet, oppretta av formannskapet etter oppdrag frå bystyret, får forlenga sitt oppdrag i det vidare arbeidet med kommunereforma inntil det nye bystyret bestemmer noko anna.
6. Det bystyret som trer i kraft etter kommunestyrevalet hausten 2015 blir oppmoda om å følgje vidare den retninga som er skissert i punkta ovanfor.

Punkt 1 vart vedtatt med 46 mot 3 røyster, pkt. 2 og 3 med 44 mot 5 røyster og pkt. 4 med 48 mot 1 røyst. Pkt. 5 og 6 var samrøystes.

Bystyret blir no bedt om å avklare om adhocutvalet skal fortsette sitt arbeid, om utvalet skal få endra oppgåve, eller om det skal bli oppnemnt ei forhandlingsnemnd for det vidare arbeidet.

Vurdering:

Ved samanslåing av kommunar skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga, jf. [inndelingslova § 26](#). Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar

kommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret. Nemnda vel sjølv leiaren og nestleiaren i nemnda.

Vi er per no ikkje komne så langt i prosessen at det er snakk om å opprette ei fellesnemnd. Fellesnemnda skal nemleg ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra. Kvar av kommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarende gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala. Ei slik nemnd blir altså aktuelt først etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing.

Fram til 20. mars 2016 skal Ålesund føre samtalar med andre interesserte kommunar med sikte på å få fram ein intensjonsavtale om rammene for ein ny kommune i regionen. Kommunen må derfor ha ei nemnd som kan føre slike drøftingar (forhandlingar) med dei andre kommunane.

Adhocutvalet som det førre formannskapet oppnemnde, skulle vere kontaktpunktet i kommunen i sonderingane med andre kommunar. Utvalet er samansett slik (alle var medlemmer av de førre formannskapet):

Bjørn Tømmerdal, leiar
Geir Stenseth, nestleiar
Monica Molvær
Eva Vinje Aurdal
Tore Johan Øvstebø
Kirsti Dale

Alle, med unntak av Bjørn Tømmerdal, er medlemmer av det nye bystyret og oppfyller vilkåra for også å kunne bli oppnemnt som medlemmer av den framtidige fellesnemnda.

I drøftingane som var ført mellom dei 13 kommunane som står bak «Regionkommune Sunnmøre» kom det fram synspunkt på at drøftingane om ein intensjonsavtale bør bli ført mellom likeverdige partar der kvar kommune har like mange representantar. Kvar kommune bør delta med ordførar, varaordførar, ein representant frå den største opposisjonsgruppa, og rådmannen.

Vel Ålesund å følgje denne oppmodinga blir dette ei gruppe på fire personar og den bør ha kjønnsleg balanse. Rådmannen bør ha høve til å peike ut ein annan frå administrasjonen dersom ho finn det meir tenleg enn å vere representert sjølv. I tillegg bør kontaktpersonen for reforma kunne vere til stades i møta, både i nemnda og i samtalan mellom kommunane.

Rådmannen vil rå til at adhocutvalet blir erstatta av ei forhandlingsnemnd samansett som nemnt i avsnittet ovanfor. Kommunane Sandøy og Ørskog har allereie oppretta

forhandlingsnemnd med slik samansetting.

Økonomiske konsekvensar:

Etter gjeldande reglement for godtgjering for folkevalde, skal medlemmer av utval og nemnder ha godtgjering for sitt arbeid. Ordførar og varaordførar har fast godtgjering og får ikkje ekstra godtgjering for å vere medlem av utval og nemnder. Rådmannen får heller ikkje godtgjering. Dermed blir det berre eitt av medlemene i denne nemnda som får godtgjering.

Det er ikkje klart kor mange møter nemnda vil ha, internt og i møter med andre kommunar, men vi må kunne rekne med at det kan bli eit snitt på rundt eitt møte i veka frå januar til 20. mars. Vi må vel også rekne med at fleire av møta vil bli lagt til andre stader enn Ålesund. Dermed vil det bli reisekostnader. Det vil også kunne bli kostnader til servering, spesielt dersom vi blir vertskap for nokre av møta med andre kommunar.

Fylkesmannen vil gi tilskott frå sine skjønsmidlar til dette arbeidet og vi reknar med at det vil dekkje kostnadene med drifta av nemnda.

Juridiske konsekvensar:

Forhandlingsnemnda har ei tidsavgrensa oppgåve og vil bli rekna som ein komité etter [kommuneloven § 10 nr. 5](#). Kommunestyret kan gjere vedtak om at kommuneloven sine reglar for saksbehandling ikkje skal gjelde for slike nemnder eller komitear, jf. [kommuneloven § 29 nr. 3](#). Rådmannen tilrår bystyret å ikkje gjere vedtak om slikt unntak.

Andre driftsmessige eller organisatoriske konsekvensar:

Det vil vere naturleg at kommunens kontaktperson for kommunereforma blir sekretær for nemnda og får følge nemnda i det arbeidet ho skal utføre.

Konklusjon:

Adhocutvalet vart oppretta for å drive sonderingar omkring kommunereforma. Dette arbeidet er no avslutta og vi vil etter kvart gå over til forhandlingar. Utvalet bør derfor bli erstatta av ei forhandlingsnemnd med slik samansetting som nemnt ovanfor.

Nemnda bør få slikt oppdrag:

- gå inn i drøftingar med kommunar i regionen med sikte på å forhandle fram ein intensjonsavtale om ein ny regionkommune, jf. pkt. 3 og 4 i bystyrets vedtak i sak 106/15
- føre drøftingane med grunnlag i rapporten «Regionkommune Sunnmøre. Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet» og dei visjonar som er lagt fram der
- gi formannskapet orientering under vegs om drøftingane med andre kommunar
- be formannskapet om råd når nemnda er i tvil om kva haldning Ålesund skal ha under drøftingane og kva prioriteringar som bør kome med i ein intensjonsavtale

Etter at forslag til ein intensjonsavtale ligg føre, vil avtalen bli lagt fram for kvar kommune til behandling. Deretter blir avtalen lagt ut til offentleg høring. På bakgrunn av det som kjem fram under høyringsrunden blir det laga ei saksutgreiing som blir lagt fram for endeleg vedtak i bystyret.

Astrid J. Eidsvik
rådmann